

Seksjon for habilitering av barn og unge, Ålesund sjukehus.

Invitasjon til ungdommar/unge vaksne i alderen 15-25 år som har søsken med nedsett funksjonsevne.

Tema: « Eit annleis søskenliv »

Med eit annleis søskenliv meiner vi følelsane som søsken kan ha, til dømes tankar om framtida, glede, håp, sorg og ansvar.

Vi som arbeider med barn med ulike typar funksjonshemmingar har inntrykk av at mange søsken syns det er fint å treffe andre som er i liknande situasjon. Vi arrangerer derfor ei samling der vi vil ha fokus på det å vere søsken.

Samlinga startar med å dele vår kunnskap og erfaringar med deltakarane. Vi har også invitert ei brukarstemme som fortel om sin oppvekst og sine erfaringar med søsken som har nedsett funksjonsevne. Midtveis tek vi ei pause med noko å bite i. Mot slutten av samlinga er det sett av tid for at dei som deltek og som ønskjer det, kan dele erfaringane sine med kvarandre. Du må gjerne kome sjølv om du ikkje kjenner dei andre som melder seg på. Tidlegare har vi sett at deltakarane har blitt fort kjent med kvarandre.

Tid for samling : Måndag 07. mars 2016 frå kl. 17.00- 20.00.

Stad: Seksjon for habilitering av barn og unge, Ålesund sjukehus, adresse Åsebøen 11, 3 etg.

Målgruppe : Ungdom/unge vaksne i alderen 15-25 år som har bror eller søster med nedsett funksjonsevne.

Pris: Samlinga er gratis, deltakarane betaler kr 100,00 for å dekkje utgifter til mat og drikke. Det blir sendt ut faktura i etterkant av samlinga.

Frist for påmelding er **29. februar 2016** med atterhald om nok påmeldte til å kunne gjennomføre samlinga.

Påmelding til samlinga kan rettast via e-post til Anne.Grete.Nes.Djupvik@helse-mr.no, telefon 70 10 64 53 eller til Britt.Sigrun.Sovik@helse-mr.no, telefon 70 10 64 40.